

Vi mottar helst leserinlegg på e-post. Send til debatt@nationen.no. Innlegg kan også sendes i posten, men innlegg som kommer på e-post blir prioritert.

Kun bestilte kronikker honoreres.

Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendt stoff, og til å publisere det elektronisk.

Kronikk: 5000 tegn med mellomrom.
Leserbrev: 2500 tegn med mellomrom.

MILJØ

Svartmaling om Frp

De siste månedene har Frp fått slippe til i media for å formidle mer av helheten i vår klimapolitikk. Før ble Frp ble tillagt et «gi blaffen»-standpunkt i klimadebatten, og dermed kunne man lett sparke på Frp når ens egen utilstrekkelighet ble avslørt. Nå har velgerne sett at Frp tar utfordringene på alvor, men at vi også tør stille kritiske spørsmål. Dette har skapt uro i de øvrige partier. Mange Frp-motstandere forsøker derfor å klistre Frp til klimastandpunkt vi ikke har. Sist ute er Mats Indrefjord Hølesli fra Miljøpartiet De Grønne i Nationen 12. januar.

La meg først understreke at Frp ikke avviser muligheten for menneskeskapte klimaendringer, slik han antyder. Det må likevel være lov å stille spørsmål ved etablerte sannheter, uten at man automatisk skal bli anklaget for ikke å ta utfordringen på alvor.

Vi legger ikke skjul på at vi er litt skeptiske til at alle avvik i «normalværet» skyldes CO₂-utslipp. Er det virkelig kun menneskeskapte CO₂-utslipp som er årsak til lite snø i Norge i desember, samtidig som New Zealand rapporterer om rekordkulde? Er det kun menneskeskapte CO₂-utslipp som er årsak til at det er varmere enn vanlig i Arktis, men kaldere i Antarktis? Hva betyr det for klodens klima

Ubesvarte spørsmål betyr at man må lete etter svar.

når Albedo-effekten (klodens solrefleksjon) har blitt redusert med rundt 20 prosent på noen tiår (refNASAs observasjoner)? Vi står ovenfor komplekse og sammensatte årsakssammenhenger.

Ubesvarte spørsmål betyr at man må lete etter svar. Frp er like fullt enig i at man skal være føre var. Vi støtter derfor forskningsarbeid for å forstå klimaet, og fornuftig teknologiutvikling som kan redusere CO₂-utslipp. Det er verdt å nevne at selskapet EnPro, som jobber med tiltak for CO₂-reduksjon, opplever at Frp har vært eneste politiske parti som har tatt seg tid til et møte. Fagmiljøer som engasjerer seg rundt bruk av Thorium (utslippsfri energiproduksjon) opplever det samme. For meg er det nok et tegn på at vi tar klimadebatten på alvor, men med en annen tilnærming enn de øvrige partier. Jeg tror likevel alle partier mener rent miljø og godt klima er en verdi i seg selv.

Maria Hoff, miljøpolitisk rådgiver, Frp

LANDBRUK

Vern av dyrket mark

Fylkesmannen melder om at det i 2006 ble omdisponert vel 5000 dekar dyrket mark til andre formål i Oslo og Akershus. Jorda i vårt område er av den beste som finnes i landet, og den ligger i en sone som gjør at det kan produsere matkorn her.

Det er mangel på slik jord i landet vårt. Vi har en selvforsyning på litt under 50 prosent. Vi importerer med andre ord halvparten av maten vi spiser. Fordi vi er et av verdens rikeste land kan vi kjøpe alt vi ønsker. Det er ikke sikkert at dette vil fortsette i all evighet. Dessuten er det umoralsk. Mye av den maten vi importerer burde blitt brukt i andre deler av verden.

Omtrent en tredjedel av verdens befolkning lider under mangel på mat, men de har dessverre ikke økonomisk evne til å konkurrere med oss i matfatet.

Vi må se i øynene at det er nødt til å bli en bedre økonomisk utjevning i verden. Det er eneste veien å gå for å få fred på jorden. Det betyr at vi må gjøre oss i stand til å produsere mes-

teparten av maten vi trenger i vårt eget land. Derfor er det så viktig å ta vare på dyrket mark og dyrkbare arealer.

Hvis det ikke innføres et forbud mot å omdisponere dyrket mark til andre formål, må det gjøres så dyrt at det ikke er økonomisk interessant å bygge ned dyrket mark.

Jeg foreslår derfor følgende:

- Det innføres en miljøavgift på omdisponering av dyrket mark til andre formål enn landbruksproduksjon.
- Avgiften settes til 5.000.000 kroner per dekar.
- Utbygger innbetaler denne avgiften til et spesielt miljøfond i kommunen.
- Utbyggere som skal bygge boliger, industribygg, veier og lignende kan søke om støtte fra kommunens miljøfond for å redusere kostnadene ved utbygging på fjellgrunn og annen grunn som ikke er dyrkbar.

Halvor Western, fungerende ordfører i Nes kommune, Akershus (Sp)

Lamy og drengane



Generaldirektør i Verdens Handelsorganisasjon (WTO), Pascal Lamy, vitja nyleg årskonferansen til NHO. I kjømda av dette har Lamy og WTO i stort monn vortne presentert i media som våpndragaren til dei fattigaste landa og refsaren av vrangvilja til Noreg i landbruksforhandlingane. Eller er det slik at Lamy snarare kjempar for legitimiteten til WTO og ei ny avtale enn for interessene til utviklingslanda?

Media refererer til at Lamy tuktar firkløvert Japan, Sør-Korea, Noreg og Sveits fordi desse kjempar for eit sterkt vern av landbrukssektoren i WTO, ein posisjon som hevdast å vere til hinder for utvikling. I ei tale hjå New York Law School i oktober, minna Lamy sjølv på at «*The WTO is not a development agency*». Likevel vert utsegna «marknadsliberalisering reduserer fattigdom» stadig framstilt som ei automatisk mekanisme i samfunnsdebatten kring landbruksforhandlingane i WTO. Det er då spesielt underleg å framheve nokon av verdas største nettoimportørar av landbruksvarer som bremseklossar, når det gjeld handel og utviklinga i verda.

Japan aleine står for 11 prosent av verdas samla import av landbruksvarer, og har eit årleg handelsunderskot på rundt 33 milliardar amerikanske dollar. I verdshandelen med landbruksvarer er det ingen land som er nær eit slikt handelsunderskot med landbruksvarer som Japan. Tilsvarende underskot som Sør-Korea har berre Russland, men dei er som kjent framleis haldt utanfor WTO. Heller ikkje Sveits og Noreg har greidd å verne marknaden sin fullt ut, med høvesvis 1741 og 2954 millionar dollar i handelsunderskot på landbruksvarer.

Er det slik at verdas største nettoimportørar av landbruksvarer, som Japan og Sør-Korea, er dei som hindrar utviklingsland i å eksportere på verdsmarknaden? Fattige land er som rike land – svært ulike. Nokre er nettoeksportørar av landbruksvarer, mange er nettoimportørar. Nokre har offensive interesser på landbruk i WTO, andre har defensive. Til dømes er berre 11 av dei femti *minst utvikla landa* (MUL) nettoeksportørar, til trass for at dei har fri marknadstilgang til mellom anna Noreg. Likevel utgjer norsk import frå MUL berre nokre promillar og nær 70 prosent av norsk landbruksvareimport har opphav i EU. For «typiske» varer frå utviklingsland, som sukker og kakao, dominerer import frå EU totalt med over 90 prosent. Dette er ikkje eit mønster som er unikt for Noreg. Internasjonale handelsstraumar på landbruksvarer er grovt sett slik at i-land handlar med i-land, med unntak av nokre få store landbruksvareeksportørar som Brasil, Argentina, Malaysia og Thailand.

Ser ein på importen til Japan, er det openbart at utviklingsland kan eksportere til Japan, dersom dei ikkje vert utkonkurrert av til dømes USA, verdas største landbruksvareeksportør. USA står aleine for 13 prosent av verdast eksport av landbruksvarer. Eksportoverskotet er over 10 milliardar dollar. Kanskje Lamy og WTO er meir uroa for den framtidige posisjonen til USA enn for dei fattige i verda? Eller som Bill Clinton uttala då han forhandla for USA: «The US must reach out and break down the barriers of trade, because we know rich country can only create jobs through increasing the volume of trade».

Det er påfallande kor ofte Lamy, og for den del norske aktørar med interesser i saka, viser til utviklingslandas ve og vel når landbruk og liberalisering gjennom WTO er på dagsordenen. Særskilt ser ein at WTO koplarsitt marknadsliberale prosjekt direkte opp til utviklingslanda kring forhandlingane om ei ny landbruksavtale. Medan når

Fattige land er som rike land – svært ulike

forhandlingane kring TRIPs-avtala (om intellektuelle opphavsrettar og patentvern), og GATS-avtala (om opning av tenestektoren) er på agendaen, er det brått svært lite ein høyrer frå Lamy og hans drengar om utvikling og interessene til fattige land.

Det er mogleg at Lamy ikkje kjem det i hug, men det førre forhandlingsbrotet i WTO, på ministerkonferansen i Cancun, oppstod då Kenya på vegne av fleire u-land avviste dei såkalla «Singapore-issues» og ikkje fordi landbruksforhandlingane braut saman.

I New York i oktober påpeika Lamy og eit anna hjartesukk når verda skal liberaliserast: «Economists have always known that the benefits of trade are not distributed evenly across nations nor within nations. History teaches us that trade reform meets social resistance if the distribution of gains from trade is too uneven. It is therefore important for policy makers to ensure that the benefits of trade expansion are spread widely enough to avoid social resistance leading to a backlash against trade liberalization». Opponentar til Lamy vil hevde at det viktige er å sikre velferd og ikkje liberalisering, men det slepp Lamy å uroe seg for, ettersom fordeling ligg utanfor WTO.

Truleg pratar Lamy med kløyvd tunge når han søkjer å legalisere det marknadsliberale prosjektet til WTO ved å vise til interessene til utviklingslanda. Dersom det er for utviklingslanda Lamy kjempar, bør Generaldirektøren søke å få ei TRIPs-avtale som samsvarar med FN-konvensjonen om biologisk mangfald, samt å ta eit oppgjør med dei omfattande krava i-land stiller til u-land om liberalisering av tenestektoren.

Torbjørn Tufte er prosjektleiari ved Landbrukets Utredningskontor



PÅFALLANDE: Truleg pratar Pascal Lamy med kløyvd tunge når han søker å legalisere det marknadsliberale prosjektet til WTO ved å vise til interessene til utviklingslanda, skriv Torbjørn Tufte.

FOTO: SCANPIX